

FORORD:

(Data: Forord)

til skifter frå Sunnmøre og Søre Sunnmøre skifteprotokoller avskreve av Inge Remøy.

Skifta er henta frå sær-området Ytre Herøy eller Gardnummer 1 til 13 og G.nr.24, 25, 26, 27, 28, samt 33 og 34. Dette er bygder (gardar) som grensar til Holmefjorden eller er naturleg tilknytt dette felleskap i administrasjon og næringsaktivitet.

Dei tilgrensande bygder (gardar) til dette området er og skifter henta frå der ein finn at folket har hatt eller får innflytelse til sær-område (Holmefjorden).

Likeså vert handels-skifter og andre felles-aktivitetar frå tilgrensande bygder medtekje då desse foretak også har innflytelse i sær-området.

Skifta har fil-namn etter Herøy-bøkene - Gardar og folk - med gard og bruksnummer og bokstavar når fleire skifter fell på same bruk. (eksempel - 001br2b

(Herøy gr.nr.1-bruk-2-skifte-b)

Handelskifter er merka med H. (*Kjøbmand synest reservert for by.*)

Same fil-sytem for nabo-kommuner. Sa - Sande , Ul - Ulstein o.s.v.

Tids-epoken er 1800-1820 som det primære, men då vanlig levealder er lenger og viktige aktørar i området soleis kan falle utanfor et tidsperspektivet utvida til 1750-1840.

Bakgrunn for slik gjennomgang er at Sorenskriver-kontoret Sunnmøre vart i 1802 delt i Søre og Nordre Sunnmøre og dette medførte tilført større ressursar til kontoret, nærare vårt område og fyldigare protokollføring, med innføring i protokollane av forklaringar på skifte-retten sine vedtak, dokumentgrunnlag og hendelsar/tildragelsar i behandlinga.

Vidare synest den økonomiske utvikling som synest å ha vore heller negativ i området over lang tid (århundreder) å endre seg relativt brått, som medførte auka ressurstilgang til almugen (folket) i området. Sidan dette tidsrom er svært skiftande, med nasjonen sin sjølvstende, Napoleons-krig, blokade og penge-falitt vil dei ytre forhold også invirke på sær-området. Penge-forhold og penge skiftingar, med inflasjon og deflasjon, er tidsavhengig og ikkje like lett å bedømme inverknad av, men kuverdi (levande-ku) synest vere den mest stabile verdi-målar og kan med alle forbehold også førast til vår tid.

Sidan dette enno er uarbeidd grunnlagsmateriale er vidare orientering utilgjengeleg.

Dette er utdrag av 20 tilfeldige skifter av eit større materiale.

*Inge Remøy Nov.2002.*